



Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 13.03.2014

Møtestad:

Møtetid: 16:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Wenke Fredheim Ekren	H	Varamedlem
Britt Inger Myhr Hope	AP	Varamedlem
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Lillian Andvik	Krf
Willy Borge	Frp

Følgende fra administrasjonen møtte: Teknisk sjef Terje Kallekleiv og konsulent Ottar Myrtveit

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2014	Godkjenning av møtebok
03/2014	Klage på vedtak - søknad om dispensasjon fra kommuneplanen- bygging av ny hytte gnr 5/21, Kjeøy
04/2014	Klage på vedtak - søknad om dispensasjon fra kommuneplan - oppføring av gjestehytte - gnr 15/1
05/2014	Bestandsplan over kommune- og fylkesgrenser - kommunalt løvye til samarbeidsprosjekt
06/2014	Delegerte saker
01/2014	Melding om delegert vedtak - Igangsettingsløvye - hus nr2 på garden - gnr 27/2 Nordland
03/2014	Melding om delegert vedtak - søknad om oppføring av fritidsbustad, gnr 50/117, Kleivetoppen
07/2014	Referatsak
10/2014.1	Endret tillatelse for Halliburton Mongstadbase
10/2014.2	Jaktstatistikk for Masfjorden 2009 - 2013
08/2014	Kartlegging av kommunale vegar

01/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

02/2014: Godkjenning av møtebok

Vedtak:

Møtebok frå møte den 15.10.2013 vert godkjend.

03/2014: Klage på vedtak - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen- bygging av ny hytte gnr 5/21, Kjeøy

Handsaming:

Saka vart drøfta.

Utvalet si vurdering er at det ikkje er kome inn vesentlege nye moment i saka og held difor fast på tidlegare vedtak.

Vedtak:

Masfjorden kommune ved teknisk utval viser til § 19-2, 19-4 i plan – og bygningslova og tar ikkje klage på politisk vedtak til følgje, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av ny hytte, gnr 5 bnr 21, Kjeøy.

Grunngjeving: I det omsøkt området er arealet i dag avsett til LNF-området i kommuneplanen, og innafor 100 m til sjø, og gjeldane føresegner til kommuneplanen er maks BRA på 120m². I område der det ikkje er LNF-område, er det reguleringsføremålet og reguleringsbestemmelserne som angir kva som kan tillatast i området. Det er ikkje kome inn nye moment i saka som talar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av hytte nr 2 på gnr 5/21, Kjeøy.

04/2014: Klage på vedtak - søknad om dispensasjon frå kommuneplan - oppføring av gjestehytte - gnr 15/1

Handsaming:

Saka vart drøfta.

Utvalsleiar John Torsvik presiserer det viktige i at saker til utvalet vert godt dokumentert med nødvendige kart og bilde etc.

Utvalet si vurdering er at det ikkje er kome inn vesentlege nye moment i saka og held difor fast på tidlegare vedtak.

Vedtak:

Masfjorden kommune ved teknisk utval viser til § 19-2, 19-4 i plan – og bygningslova og tar ikkje klage på politisk vedtak til følgje, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av anneks, gnr 15 bnr 1, Raunøy.

Grunngjeving: Det er ikkje kome inn nye moment i saka som talar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av anneks.

05/2014: Bestandsplan over kommune- og fylkesgrenser - kommunalt løyve til samarbeidsprosjekt

Handsaming:

Saka vart drøfta.

Utvalet vurderer fordelar og ulemper i saka og konkluderer med at fordelane med å innføre bestandsplanar er større enn ulempene og ønskjer at administrasjonen tek initiativ til å innføre dette i kommunen.

Utvalet kom etter drøfting fram til følgjande vedtak.

Masfjorden kommune løyver kr. 25 000,- inkl. mva. pr. år t.o.m. 2017 til bestandsplanprosjektet – under føresetnad at nabokommunane innanfor bestandsplanområdet også bidreg tilsvarande. Beløpet skal trekkjast frå kommunen sitt viltfond.

Vedtak:

Masfjorden kommune løyver kr. 25 000,- inkl. mva. pr. år t.o.m. 2017 til bestandsplanprosjektet – under føresetnad at nabokommunane innanfor bestandsplanområdet også bidreg tilsvarande. Beløpet skal trekkjast frå kommunen sitt viltfond.

06/2014: Delegerete saker**Handsaming:**

Framlegg til vedtak vart samråystes teke til orientering

Vedtak:

Delegerete saker vert tekne til orientering

01/2014: Melding om delegert vedtak - Igangsettingsløyve - hus nr2 på garden - gnr 27/2 Nordland**03/2014: Melding om delegert vedtak - søknad om oppføring av fritidsbustad, gnr 50/117, Kleivetoppen**

07/2014: Referatsak**Handsaming:**

Framlegg til vedtak vart samråystes teke til orientering

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

10/2014.1: Endret tillatelse for Halliburton Mongstadbase

10/2014.2: Jaktstatistikk for Masfjorden 2009 - 2013

08/2014: Kartlegging av kommunale vegar

Handsaming:

Administrasjonen orienterte om framgangsmåte i saka om kartlegging av kommunale vegar. Saka har tidlegare vore noko konfliktfylt. Det er slik viktig at vidare organisering av arbeidet ikkje bidreg til unødig turbulens. Dette er tenkt løyst med å presentere ei skisse/utkast til kart over kommunale vegar – men med føresetnad at kvar av vegane i etterkant vert handtert individuelt i samarbeid mellom grunneigarar og kommunen. Poenget her er å få kartlagt kommunale vegar (avklare rettar og plikter) med minst mogeleg potensiale for konflikt.

Forslag til vedtak:

Utvælet støttar administrasjonen i val av framgangsmåte og ber TML utarbeide ei prioritering mellom ulike vegstrekke. Nødvendige tiltak på kvar vegstrekke må innarbeidast i dei årlege budsjetta framover.

Vedtak:

Utvælet støttar administrasjonen i val av framgangsmåte og ber TML utarbeide ei prioritering mellom ulike vegstrekke. Nødvendige tiltak på kvar vegstrekke må innarbeidast i dei årlege budsjetta framover.

Rett utskrift frå protokollen frå Teknisk utval vert vitna:

John Torsvk
leiar

Terje Kallekleiv
teknisk sjef